



Møteinnkalling

FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

Utval:	Fellesnemnd Ullensvang kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen i Jondal
Dato:	09.11.2018
Tidspunkt:	09:00

Forfall skal meldast til Jondal kommune sitt sentralbord tlf.nr. 53 66 95 00 eller til Ragnvald Joakimsen på tlf.nr. 45 47 41 81.

Er nokon ugilde i ei sak, må det meldast frå om dette.
Varamedlemmer møter berre ved mottak av eigen innkalling.

Sak nr:	Sakstittel:
040/18	Godkjenning av protokoll
041/18	Meldinger
042/18	Søknader til Fellesnemnda 2018
043/18	Revisjon av prosjektplan
044/18	Revisjon for Ullensvang kommune
045/18	Høyring – endringar i LVK sine vedtekter og kontingentgrunnlag
046/18	Ullensvang kommune - fastsetjing av stemmekretsar ved Kommunestyre- og fylkestingsval 2019



Arkiv: K1 - 033
Arkivsak ID: 18/1181 - 3
Journalpost ID: 18/16473
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 26.10.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.11.2018	040/18

Godkjenning av protokoll

Dokumentnr	Tittel
369352	Protokoll - Fellesnemnd Ullensvang kommune - 20.09.2018

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda godkjenner vedlagt protokoll fra førre møte.

prosjektleder Ole-Jørgen Jondahl,



Arkiv: K1 - 033
Arkivsak ID: 18/1181 - 4
Journalpost ID: 18/16817
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 02.11.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.11.2018	041/18

Meldinger

Dokument til orientering

Journalpostid.	Tittel
18/14943	ER-sak 013/18: Ullensvang kommune: Kulturkommune med samla kraft
18/16628	Norsk kulturskoleråd - Deltakelse veiledningsordning - Portefølje 2

Rådmannens forslag til

vedtak:

Fellesnemnda tar meldingane til etterretning.

prosjektleder Ole Jørgen Jondahl



Arkiv: K1 - 223
Arkivsak ID: 18/1104 - 3
Journalpost ID: 18/15324
Saksh.: Ole-Jørgen Jondahl
Dato: 01.10.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.11.2018	042/18

Søknader til Fellesnemnda 2018

Dokumentnr	Tittel
369492	Til fellesnemnda for ny kommune (1)
369018	Søknad om støtte til informasjonsarbeid
370018	Søknad-Fellesnemnda for Ullensvang kommune

Prosjektlear sitt forslag til vedtak:

1. Søknad om kr 300 000 til samarbeidsprosjekt Litteratursymposiet, skule og kultur; Tekstskapingsprosjekt - samskrivingsprosjektet «Skrifta på vegg» vert ikkje innvilga.
2. Søknad om midlar kr 91 000 frå Radio Folgefonn vert ikkje innvilga.
3. Søknad om midlar kr 50 000 frå Harding Puls / Hardanger Kunstlag vert ikkje innvilga.

Prosjektlear Ole-Jørgen Jondahl, 01.10.2018

Saka gjeld:

Søknader i samband med samanslåingsprosess Ullensvang kommune.

Prosjektlear si vurdering:

Det har ikkje vore utlyst midlar frå Fellesnemnda, søkjarane har på eige initiativ sendt inn

søknad.

Reformtilskotet dekker ikkje dei faktiske kostnadane knytt til samanslåinga. Fellesnemda vedtok i FN-sak 023/17 Økonomiplan og budsjett for samanslåingsprosjektet. Då vart midlane disponert i tråd med prosjektleiar sitt forslag. Det ligg ikkje inne midlar som kan søkjast på.

Det er prosjektleiar si vurdering at kunstprosjekt må handterast av sektorane i dei 3 kommunane, det bør vera rom å gjera ei slik vurdering og eventuell deltaking med grunnlag i dei allereie vedtekte driftsbudsjetta.

Fellesnemda har vedteke ei prosjektorganisering der det er avsatt eige informasjonsressurs. Slik prosjektleiar ser det er informasjonsarbeid godt ivareteke i prosjektstaben.

Søknadane som no ligg føre kan innehalda gode tiltak som kan vera nyttige i samanslåinga. Men om Fellesnemda no vil imøtekoma heilt eller delvis søknader må det gjerast omdisponeringar i vedtatt budsjett. Det vil i så fall gjera prosjektøkonomien meir krevjande, og krevja meir midlar frå dei tre kommunane for å koma i mål til oppstart ny kommune 2020.

Endringsarbeid og kulturbygging internt i organisasjonen og ute i den nye kommunen er viktig. Slik prosjektleiar ser det må dette setjast betre i system, og handerast av prosjektleiinga, og ikkje vera avhengig av eksterne initiativ. Det kan gjerast i samarbeid med eksterne sjølvst, men då gjennomtenkt og sett i system.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen slik prosjektleiar tilrår.

Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:

Inndelingslova § 26 Fellesnemd.

Samandrag/ konklusjon:

Med grunnlag i vedteke Økonomiplan og budsjett for prosjektet rår prosjektleiar Fellesnemda til å vedta saka slik den ligg føre.

Saka skal ekspederast av:

Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar

Alle relevante partar

Arkiv



Arkiv: K1 - 036K3 - &23
Arkivsak ID: 17/1001 - 71
Journalpost ID: 18/15494
Saksh.: Ole-Jørgen Jondahl
Dato: 04.10.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.11.2018	043/18
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	06.11.2018	020/18

Revisjon av prosjektplan

Dokumentnr	Tittel
371868	Sjekkliste prosjektplan Ullensvang kommune 2016-2019 pr 311018 - Ark 1
371869	Styringsdokument-og-prosjektplan---versjon-5

Prosjektleder sitt forslag til innstilling:

Fellesnemnda godkjenner prosjektleder sitt framlegg til revidert prosjektplan i tråd med vedlegg i saka.

Prosjektleder Ole-Jørgen Jondahl, 04.10.2018

Saka gjeld:

Revisjon av prosjektplan Ullensvang kommune.

Vurderingar:

Prosjektleder har arbeidd sidan tiltreding med revisjon av prosjektplanen med spesielt fokus på milepælar og særskilte viktige punkt som må vera avklart innan 1.1.2020.

Det vil vera avgjerande for prosjektet å prioritera oppgåver og gjeremål som må vera utført for 2020 for å kunna starta opp den nye kommunen.

Sjekklista som no ligg som vedlegg til prosjektplanen er må-oppgåver og skal hjelpa

prosjektorganisasjonen med prioritering

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:

Forankra i tidlegare vedtak og revisjonar av styringsdokumentet.

Samandrag/ konklusjon:

Prosjektleiari rår Fellesnemda til å godkjenne saka slik den ligg føre.

Saka skal ekspederast av:

Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar

Alle relevante partar

Arkiv

Arkiv: K1 - 216
Arkivsak ID: 18/1182 - 1
Journalpost ID: 18/16177
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 19.10.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.11.2018	044/18

Revisjon for Ullensvang kommune

Kontrollutvala sitt forslag til

vedtak:

Ullensvang kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.

Saka gjeld:

Val av revisjonsordning for Ullensvang kommune.

Inndelingslova inneheld ma. bestemmelsar om val av revisjon og revisor.

§ 26 i inndelingslova, 5. avsnitt har følgjande ordlyd:

Nemnda (dvs. fellesnemnda, saksbeh. sin merknad) kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Det er etter lova dei enkelte kommunestyra, eller fellesnemnda dersom kommunestyra har gjeve slik fullmakt til fellesnemnda, som fattar vedtak om evt å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon.

Slik fullmakt har fellesnemnda fått. Dette ligg i mandatet for fellesnemnda som alle dei tre kommunestyra har fatta vedtak om. Ordlyden i pkt 3a og 3k i mandatet er som følgjer:

"Dette inneber at fellesnemnda:

- a. *Gjennomgår, vurderer og avklarar alle prinsipielle tilhøve som gjeld samanslåingsprosessen. Videre kan fellesnemnda fatte vedtak i alle spørsmål som er naudsynt for å etablere den nye kommunen med mindre dette påverkar ein eller fleire av dei eksisterande kommunane. Nemda disponerar eingongstilskotet og reformstøtta frå Staten i samband med kommunesamanslåinga*

.....

- a. *Tek stilling til revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane, og tilset revisor for den nye kommunen."*

Vedtaket om val av revisjonsordning for den nye kommunen ligg såleis til fellesnemnda. Vedtaket skjer, slik det er bestemt i inndelingslova, etter innstilling frå kontrollutvala. Alle dei tre kontrollutvala har fatta likelydande vedtak. Det er ordlyden i desse vedtaka som ligg som tilråding i denne saka.

Resten av saksutgreiinga i denne saka er den same som kontrollutvala har hatt som grunnlag for deira vurderingar og tilrådingar

Saksbehandlar (i sakene til kontrollutvala)

Kjartan Haugsnes (sekretariatet for kontrollutval)

Bakgrunn for saka

Det er vedteke at Odda kommune, Jondal kommune og Ullensvang herad skal slåast saman til Ullensvang kommune fom. 01.01.2020.

Blant dei forhold som må avklarast på førehand, er kva revisjonsordning den nye kommunen skal ha.

Kontrollutvala i kommunane hadde fellesmøte 22.09.2017. Det vart der bede om at sekretariatet for kontrollutval laga eit saksgrunnlag.

Saka vil gå til dei tre kontrollutvala som innstiller om revisjonsordninga overfor fellesnemnda, under føresetnad av at fellesnemnda har fått fullmakt til å ta slik avgjerd. Alternativt er det kommunestyra som skal ta slik avgjerd.

Val av revisjonsordning og val av revisor.

Dette er to ulike sakstypar som leiar fram til kven som reviderar kommunen, der kontrollutvalet

innstiller, medan kommunestyret (evnt. fellesnemnda) gjer vedtak. Det er:

- Val av revisjonsordning
- Val av revisor.

Denne saka handlar om val av revisjonsordning. Når ein har valt revisjonsordning gjer ein vanlegvis ikkje ny vurdering utan at det kjem eit initiativ om det. Dersom revisjonsordninga td. er privat revisjon, så syter ein berre for at det vert valt ny revisor før ein avtaleperiode er over.

Det går fram av kommunelova § 78 nr. 3 at kommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Sekretariatet er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og valg av revisjonsordning m.m., Veileder av mars 2012, side 12).

Drøfting:

1. Noverande ordning.

Kommunane Odda, Jondal og Ullensvang har lik revisjonsordning i dag.

Kommunane får sine revisjonstenester levert frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR). IHR presenterar seg slik på si eiga heimeside www.ihrevisjon.no Utskrifta er henta på heimesida 25.04.18.:

«Generelt om IHR

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) gjennomfører lovpålagt revisjon for de fleste kommunane i Indre Hordaland. Kommunane er Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Heimelen for IHR sitt arbeid finn ein i kommunelova paragraf 78.

Utover den lovpålagde revisjonen reviderer IHR andre kommunale føretak og bedrifter.

IHR rapporterer til kontrollutvala i kvar av kommunane som vi reviderer og kontrollutvala rapporterer til sine kommunestyre. Ved at IHR rapporterer til kontrollutvala i kommunane, er revisjonen sikra ei sjølvstendig rolle i forhold til kommunane. På den måten har me den nødvendige avstanden mellom revisjonen og den kommunen som vert revidert. Det er såleis berre kontrollutvala og kommunestyra som kan instruere revisjonen. Bakgrunnen for

dette er at revisjonen skal ha ei uavhengig stilling i forhold til administrative og politiske organ i kommunane.

IHR har kontor på Voss.

Dei tilsette ved IHR har tverrfagleg kompetanse gjennom revisjonsfagleg-, juridisk-, økonomisk- og samfunnsvitskapleg utdanning og brei erfaring frå kommunal revisjon. IHR har i dag 5 tilsette.

IHR er eit sjølvstendig rettssubjekt, men inntil vidare organisert etter kommunelova paragraf 27 (interkommunalt samarbeid) med eigne vedtekter. Styret er sammansett av representar frå eigarkommunane.»

Framtidig ordning - vurderingar med utgangspunkt i dei tre ulike revisjonsordningane.

1. Om interkommunale revisjonsordningar (Kommunane si revisjonsordning i dag).

Dette er ei tenleg revisjonsordning, men det bør vera eit visst antal tilsette som sikrar breiddekompetanse og leveringsevne, også når det kjem saker på kort varsel som bør utgreiast. I Hordaland er det to slike ordningar igjen. Det er:

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.

- Hovudkontor på Voss
- Her er 5 tilsette.
- Dekkar kommunane Voss, Eidfjord, Ulvik, Ullensvang, Odda og Jondal.
- Organisert som eit såkalla § 27-selskap jmf. kommunelova § 27. Det er eige rettssubjekt med
- eige styre.

Nordhordland revisjon IKS:

- Hovudkontor i Knarvik
- Her er 4 tilsette.
- Dekkar kommunane Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy
- Organisert som eit Interkommunalt selskap (IKS) etter lov av 29. januar 1999 nr. 6, med eige
- styre.

Sekretariatet har tidlegare vore i kontakt med fleire av dei interkommunale revisjonsselskap då Stord kommune hausten 2016 hadde ei vurdering av si revisjonsordning. Her er nokre opplysningar frå saksframlegg til Stord kommunestyre 22.12.16, PS 97/2016:

«Sakshandsamar har hatt kontakt med revisjonssjef Reidar Bjørsvik i Nordhordland revisjon

IKS, som bl.a. opplyser om at:

- *Det er både styrevedtak og vedtak frå representantskapet om at ein ønskjer utviding.*
- *Bl.a. kommunesamanslåingar gjer at ein søker mot større einingar.*

Sakshandsamar har hatt kontakt med revisjonssjef Odd Jacob Storebø som bl.a. opplyser:

- *Selskapet ønskjer å verta større, med fleire tilsette.*

Sakshandsamar er frå tidlegare kjent med at selskapet tidlegare har gjennomført to prosessar om samanslåing.

- *Først med Haugaland kommunerevisjon. Forsøk på samanslåing stranda. Haugaland kommunerevisjon vart nedlagt og tilhøyrande kommunar konkurranseutsette revisjonstenestene sine.*
- *Seinare vart det gjort freistnad på å slå seg saman med Sogn og Fjordane revisjon IKS, også kalla SF-revisjon. Det forsøket stranda og. SF-revisjon tilbyr forøvrig ikkje tenester innan forvaltningsrevisjon.*

Dette fortel at mindre revisjonsdistrikt med 4-5 tilsette, som dekkar 4-7 kommunar ønskjer å bli del av ei større eining for å vera meir robuste.»

Sekretariatet var den gongen og i kontakt med direktør Cicel T. Aarrestad i Rogaland Revisjon IKS:

- Hovudkontor i Stavanger
- Her er omlag 20 tilsette.
- Dekkar 16-18 kommunar i søre delen av Rogaland, samt Rogaland fylkeskommune.
- Organisert som eit Interkommunalt selskap (IKS) etter lov av 29. januar 1999 nr. 6, med eige styre.

I eigarstrategien deira den gongen stod at dei ønskte omdanning / å bli større. Dette selskapet, med eit betydeleg antal tilsette, vurderte å bli større eining. Kommunesamanslåingar kan vera ein medverkande faktor, i tillegg til kompetanseoppbygging og stordriftsfordeler.

I Sogn og Fjordane er det i dag tre revisjonsdistrikt som ønskjer å slå seg saman med verknad frå 01.01.2019. Det er:

- Sogn og Fjordane Revisjon IKS (SF-revisjon)
 1. Dei er i dag revisor for 8 kommunar og 1 fylkeskommune
- Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS-revisjon)
 1. Er i dag revisor for 11 kommunar
- Kommunerevisjonen i Nordfjord

1. I dag revisor for 6 kommunar.

Til saman er dei i dag revisor for 25 kommunar og ein fylkeskommune.

Slik sekretariatet har forstått det er det eit ønskje og tildels uttalte strategiar i fleire av dei interkommunale revisjonsselskapa om samanslåing til større einingar. Noko av bakgrunnen må sjåast i samanheng med kommunereforma, men og å sikre kompetanse, kapasitet og leveringsevne til kommunane sine. Dette vil og vere i tråd med tilråding nr. 44 frå «85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunene» som vart utarbeida av det dåverande KRD i 2010:

Tilråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den

interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på

behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og

forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same¹
(1 publikasjonskode H-2245)

2. Privat revisjon

Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver.

Då fire Sunnhordlandskommunar ba om nytt tilbod på revisjonstenester med verknad frå 01.07.2017 vart mellom anna dette etterspurt i konkurranseutlysinga:

- Tilstrekkeleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen

- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

Å kjøpa tenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning, men privat revisjon krev og at tenesta vert konkurranseutsett med jamne mellomrom.

3. Om å tilsetta eigne revisorar.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har eigne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning. Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør vera breiddekompetanse i revisjonen. Noverande budsjett til revisjonsarbeidet i desse tre kommunane gjev i beste fall rom for å tilsetta 1-2 revisorar. Då vil ein mangla breiddekompetanse og ordninga er kritisk sårbar ved sjukdom og ledighet i stillinga. Uavhengighet vil og vera eit spørsmål – når det kun er ein eller to revisorar som er såpass «tett på» kommunen.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

4. Delt løysing.

Det aller vanlegaste er at ein kommune har same revisor for alle revisjonstenester – rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Eit fjerde alternativ kan vera delt løysing. Sogn og Fjordane fylkeskommune har konkurranseutsett forvaltningsrevisjonstenestene, medan rekneskapsrevisjon og selskapskontroll vert utført av SF-revisjon. Kan og nemna at Bergen kommune har konkurranseutsett revisjonstenestene, men har eit revisjonsselskap til rekneskapsrevisjon og eit anna til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Ei eventuelt delt løysing for nye Ullensvang kommune kan vera å kjøpa rekneskapsrevisjonstenester frå IHR, medan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert konkurranseutsett.

Då nesten ingen kommunar har delt løysing, og dei me er kjent med er store – nest største kommune i landet og ein fylkeskommune, så har ein ikkje valt å gå vidare med dette alternativet i saksframlegget som gjeld nye Ullensvang kommune.

Politikk og eigarskap.

Ved vurdering av revisjonsordning er det ikkje uvanleg at haldningar til konkurransutsetting og er medverkande, i tillegg til andre moment. Nokre har ei grunnhaldning om at konkurranseeksponering er bra, medan andre ønskjer løysing i kommunen eller ei interkommunal ordning.

I dette høvet er og kommunane medeigar i IHR. Sekretariatet har ikkje funne det naturleg å drøfta meir inngåande den politiske tilnærminga, eigarskap, pensjonsforpliktingar mv.

Konklusjon

I Noreg er det mest vanleg med interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Me er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon.

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Noverande revisjonsselskap for kommunane, som og kommunane er medeigar i, er eit relativt lite selskap. Dei er revisor for 6 kommunar i dag, men tre av desse skal slå seg saman frå 01.01.20. Sekretariatet er kjent med at noverande revisjonssjef i IHR skal slutta i 2018 grunna alder.

Sekretariatet har hatt kontakt med styreleiar Johannes Grønsdal, som kan opplysa om at rekrutteringsprosess er i gong og at han har gode forhåpningar om å få på plass ny revisjonssjef. Grønsdal opplyser vidare om at IHR har invitert seg inn i siste kommunestyremøta før sommarferien -18, i dei 6 kommunane som eig revisjonsselskapet. Dette for å informera om stoda.

Ser ein mot nabofylket i nord, så vert det arbeidd med å få til eit revisjonsselskap som dekker alle

kommunane i fylket.

Ser ein mot nabofylket i sør så har kommunane på Haugalandet konkurranseutsett revisjonen. Dessutan har dei eit interkommunal revisjonsselskap for 16-18 kommunar i sørre delen av Rogaland, samt Rogaland fylkeskommune.

Ordning med privat revisjon, er fullt ut ei tenleg ordning. Då er det jamlege konkurransar i marknaden. Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag som kommunen sin revisor, er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innafor eit breitt spekter av oppgåver.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilråast å gå for ei løysing med eigen tilsett revisor.

Delt løysing er og drøfta. Då nesten ingen kommunar har delt løysing, og dei me er kjent med er store – nest største kommune i landet og ein fylkeskommune - så har ein ikkje valt å gå vidare med dette alternativet.

Kontrollutvalet i Voss kommune har i sak, «Val av revisjonsordning» 07.05.2018 innstilt til fellesnemnda å fortsette med interkommunal revisjonsordning. Med det som bakteppe, og at alle dei tre kommunane som frå 2020 vert Ullensvang kommune i dag har ei interkommunal revisjonsordning vil sekretariatet tilrå dette som innstilling til fellesnemnda for nye Ullensvang kommune.

Ut frå dette vert det presentert slikt framlegg til vedtak:

- At Ullensvang kommune nyttar interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester.

Forslag til innstilling

Nye Ullensvang kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Ullensvang herad - 28.05.2018

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte kort om saka og vedtak gjort på Voss og i Odda. I tillegg vart det svara på spørsmål gjeldande brev frå sekretariatet til kontrollutvala. Elin Bye orienterte kort frå IHR. Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak:

Nye Ullensvang kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.

Saksprotokoll i Kontrollutvalget i Odda kommune - 22.05.2018

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte kort om saka. Elin Bye frå IHR orienterte kort om IHR. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Nye Ullensvang kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.

Saksprotokoll i Kontrollutvalget i Jondal kommune – 24.08.2018

Samrøystes vedtak:

Ullensvang kommune vel å nytta interkommunal revisjonsordning for alle revisjonstenester. Ein går i dialog med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) for å få til ein avtale som spesifiserer tenesta og dei økonomisk rammevilkåra.

Saka skal ekspederast av:	Sakshandsamar
Partsbrev skal sendast til:	Alle relevante partar
	Arkiv



Arkiv: K1 - 037K2 - S00
Arkivsak ID: 18/1221 - 1
Journalpost ID: 18/16595
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 30.10.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.11.2018	045/18

Høyring – endringar i LVK sine vedtekter og kontingentgrunnlag

Dokumentnr	Tittel
371843	Høringsnotat_lvk
371844	Oversikt over kommunenes kontingent med gammel og ny modell (1)

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda for Ullensvang kommune sluttar seg til dei endringane i vedtekter og kontingentgrunnlag for LVK som er skildra i høyringsnotatet.

Prosjektleiar Ole-Jørgen Jondahl,

Saksbehandlar:

Anne Erdal

Saka gjeld:

Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK) har sendt ut eit høyringsnotat med framlegg til endringar i vedtektene og berekningen av kontingenten. Høyringsfrist er 12. november 2018. Heile høyringsnotatet ligg som vedlegg til saka.

Årsaka til at spørsmåla om endring av vedtekter og kontingentgrunnlag er aktuelle er kommune- og regionreforma. Denne endrar både talet på medlemskommunar og talet på LVK-fylke. Det er óg eit auka press på kommunane sine rettar, noko som krev meir merksemd og auka innsats frå LVK.

Oppsummert er endringane som følgjer:

Vedtektsendringar:

Vedtektene opererer med landsdelar for medlemmer av arbeidsutvalet og valkomiteen. Landsstyret gjer framlegg om å endra landsinndelinga i nye vedtekter § 2 i samsvar med Stortinget sitt arbeid, slik at landsdelane vert definert slik:

- Nordafjelske: Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark
- Østafjelske: Innlandet, Viken, Vestfold og Telemark
- Vestafjelske: Agder, Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal

I dag er **landsstyret** samansett av 16 medlemmer frå kvart av dei 16 fylka som har LVK-kommunar, i tillegg til leiar. Kvart kjønn skal vera representert med 40 % og det skal vera partipolitisk breidde. Det er framlegg om at landsstyret i staden skal vera sammensett av to representantar (ein mann og ei kvinne) frå kvart av dei 10 nye LVK-fylka, dvs fylke som har LVK-kommunar. Landsstyret vil etter dette vera på 20 representantar samt leiar. Landsstyret skal framleis ha partipolitisk breidde. Det er framlegg om å fjerna ordninga med personleg vara, og i staden innføra vararekkje for kvart fylke, i prioritert rekkefølge.

For **Arbeidsutvalet** er det framlegg om å innføra personleg varamedlem for dei tre medlemmene frå Nordafjelske, Østafjelske og Vestafjelske, sjå § 9.1

For **Valkomiteen** er det framlegg om å behalda komiteen si koordinerande rolle. Dette for å sikra den politiske breidda i landsstyret.

Medlemskontingent:

Kontingenten til LVK vert berekna som følgjer:

- 1,3 % frå kommunen sine inntekter frå konsesjonsavgift
- 1,1 % av 40% av kommunen sine inntekter frå naturressursskatt
- 0,07 % frå kommunen sine inntekter frå eigedomsskatt på vasskraftanlegg

Minstekontingent er kr 3 500 med årleg indeksjustering. For 2018 utgjer minstekontingent kr 4 720.

Framlegg til ny berekning av medlemskontingenten er som følgjer:

- 1,5 % frå kommunen sine inntekter frå konsesjonsavgift
- 1,3 % av 40% av kommunen sine inntekter frå naturressursskatt
- 0,09 % frå kommunen sine inntekter frå eigedomsskatt på vasskraftanlegg

Minstekontingent kr 6 000 med årleg indeksjustering.

Framlegget vil auka inntektene til LVK frå kr 15,2 mill til om lag kr 17 mill.

Vidare prosess:

Etter høyringa vil saka bli endeleg handsama på eit ekstraordinært landsmøte i LVK 22. og 23. mai 2019.

Vurdering:

Vedtekter:

Vedtektsendringane virker gjennomarbeida, og fornuftige. Prosjektleiari meiner at fellesnemnda for Ullensvang kommune bør slutta seg til dei framlegga som er skissert.

Kraftinntekter:

LVK er ein viktig interesseorganisasjon for Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad. Dei tre kommunane har følgjande inntekter frå kraft (2017):

Kraftinntekt	Jondal	Odda	Ullensvang	Sum
Sal av kraft	1 800 000	24 394 430	10 982 776	37 177 206
Konsesjonsavgifter	2 259 576	23 532 966	2 980 846	28 773 388
Eigedomsskatt,* kraftverk	3 909 651	70 000 000	3 532 200	77 441 851
Naturressursskatt **	0	39 687 407	5 168 886	44 856 293
Sum	7 969 227	157 614 803	22 664 708	188 248 738

* Gjennomsnitt av åra 2015-2017

** Naturressursskatten inngår i inntektssystemet

Naturressursskatten inngår i inntektssystemet og skatteutjamninga, noko som mellom anna betyr at kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet vert trekte 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Odda kommune har skatteinntekter over landsgjennomsnittet, og korrigert for dette er kraftinntektene til Odda kommune kr 133,8 mill.

Tabellen over viser kor viktig samla inntekter som følgje av erstatningar og kompensasjon frå kraftutbygging og kraftproduksjon er for kommunane og Ullensvang kommune frå 2020. Samla er inntekter frå konsesjonsavgifter, konsesjonskraft, heimfallskraft, erstatningskraft, gratiskraft, eigedomsskatt frå verk og bruk knytt til kraftproduksjon og naturressursskatt kr 188,2 mill eller kr 164,4 når me tek omsyn til skatteutjamninga i inntektssystemet. Desse inntektene er avgjerande for at me kan ha ein god tenesteproduksjon i nye Ullensvang kommune. Det er særskilt viktig å følgja opp desse rettane og inntektene i åra som kjem då Ullensvang kommune vert ein av dei største kraftkommunane i landet. Me må engasjera oss i organisasjonen vidare slik som me har hatt tradisjon for.

Kontingentgrunnlag:

Kontingent LVK	Berekning 2018	Ny berekning	Endring
Jondal	32 111	37 413	5 302
Odda	529 554	622 369	92 815
Ullensvang	63 967	74 770	10 803
Sum	625 632	734 552	108 920

Med dei framlegg som ligg i høyringsnotatet frå LVK vil kontingenten for Ullensvang kommune auke med kr 108 920 og ny kontingent for Ullensvang kommune blir om lag kr 735 000 i 2020. Dette er mykje pengar for kommunen, og utgjer ei auke på 17,4 % frå kontingenten i dagens tre kommunar. Rekna i % av dei totale kraftinntektene i Ullensvang kommune er kontingenten 0,4 % av kraftinntektene.

Me har dei siste åra opplevd eit auka press på LVK-kommunane sine rettar. Det krever ei auka innsats for å behalda rettane og inntektene våre. Dette er rettar som kraftkommunar har hatt i over 100 år. Prosjektlear meiner at medlemskapet i LVK er særst viktig, og sjølv om auka i kontingenten er stor, kan den forsvarast. Me vil likevel oppfordra LVK til å gå nøye gjennom alle kostnadane i organisasjonen for å sjå om det er mogeleg å effektivisera drifta.

Samandrag/ konklusjon:

Prosjektlear rår Fellesnemnda for Ullensvang kommune til å slutta seg til dei endringane i vedtekter og kontingentgrunnlag for LVK som er skildra i høyringsnotatet.

Saka skal ekspederast av:

Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar

Alle relevante partar

Arkiv



Arkiv: K1 - 014
Arkivsak ID: 18/361 - 5
Journalpost ID: 18/10051
Saksh.: Turid Nå
Dato: 29.10.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	09.11.2018	046/18

Ullensvang kommune - fastsetjing av stemmekretsar ved Kommunestyre- og fylkestingsval 2019

Dokumentnr	Tittel
362864	18-21896-6 Vedlegg 1-Endring av stemmekretser i forkant av valget 2019 1850182_1_1
362862	18-21896-6 Varsel om føring i matrikkelen i samband med valet 2019-nynorsk 1850454_1_1
362863	18-21896-6 Vedlegg 2-Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalget 1850183_1_1

Prosjektlear sitt forslag til

vedtak:

1. Ved Kommune- og fylkestingsval 2019 nyttar Ullensvang kommune same antal stemmekretsar som Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad nytta ved Stortingsvalet i 2017.
Antal kretsar vert 9 stk. då Jondal har 3 stk, Odda 4 stk og Ullensvang 2 stk (Djønno vert grenseregulert og innlemma i Voss herad).
2. Stemmekretsar i Ullensvang kommune vert:
 1. Tyssedal
 2. Odda
 3. Skare
 4. Røldal
 5. Lofthus
 6. Hauso
 7. Herand
 8. Jondal
 9. Kysnes

Prosjektlear Ole-Jørgen Jondahl

Saka gjeld:

I følgje vallova §9-3 første ledd skal kommunestyret, eller valstyret etter delegering, avgjere kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i. Kartverket, som sentral matrikkelmyndigheit, skal ha melding om endringar i kretsinndelinga innan 31. mars i valåret.

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 skal gjennomførast som om grenseendringane allereie er gjeldande. Ei konsekvens av dette er at manntalet for valet må koblast mot ny kommuneinndeling før den trer i kraft.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i samarbeid med Kartverket, Skattedirektoratet og Valgdirektoratet kartlagd naudsynte tiltak som må setjast i verk i høve valgjennomføringa for kommunar som får endra kommunestruktur.

For å sikra at alle kommunar får eit korrekt manntal basert på inndelinga frå 1. januar 2020 oppfordrar departementet kommunar som er berørt av endringar i kommunestrukturen å vedta endringar i stemmekretsane innan 1. desember 2018.

Alle stemmekretsar må ha unik identifikator (talverdi). Kartverket, som den sentrale matrikkelstyresmakt, vil registrera kretsnr. inn i matrikkelen til kommunane. Dei vil nytta gjeldande prinsipp for kretsar ved kommunesamanslåing, der kommunen med flest adresser beheld sine kretsnummer, nest største kommune vert nummerert etter neste ledige nummer osv.

Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:

Vallova

Samandrag/ konklusjon:

Ullensvang kommune nyttar same valkretsar som Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad nytta ved Stortingsvalet i 2017.

Saka skal ekspederast av:	Sakshandsamar
Partsbrev skal sendast til:	Kartverket
	Jondal kommune
	Ullensvang herad
	Odda kommune
	Arkiv